

## **RUTINESKILDRING FOR SØKNAD OM GODKJENNING SOM BRUKAR AV TRANSPORTORDNINGA FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE I VESTLAND**

### **Habilitet**

Sakshandsamar skal alltid vurderer sin eigen habilitet etter forvaltningslova §11 før ein startar å sakshandsame søknader. Dersom sakshandsamar er inhabil etter lova, skal saka fordelast til ein anna sakshandsamar.

### **Sakshandsaming av tt-søknad**

TT-søknad kan behandlast når både søknads- og legeerklærings skjema er motteken.

- Søknadsskjema og legeerklæringa må ikkje være eldre enn 6 månadar, grunna eventuelle endringar i søkjars medisinske helsetilstand.
- Sjekk at legeerklæringa er signert og stempla av lege.
- Sjekk at søknadsskjema/samtykkeerklæring er signert av søkjar, eventuelt verje.

### **Førebels svar på søknaden**

Det skal sendast ut førebels svar dersom søknaden ikkje kan behandlast innan 4 veker. I venteliste brevet skal vi oppgje årsaka til lang behandlingstid i samsvar med forvaltningslova § 11 a.

Dersom søknad inneheld all naudsynt dokumentasjon, vert søknaden behandla utan ugrunna opphald.

Dersom søknad ikkje inneheld all naudsynt dokumentasjon som søknadsskjema, legeerklæring, samtykkeerklæring., skal det sendes ut brev der vi etterspør tillegg opplysningar. Dersom det ikkje er god nok dokumentasjon for at søker har krav på å få innvilga tt-transport, t.d. feil diagnose, mangelfull legeerklæring ol. skal vi sende avslag, sjå eigen prosesskiltring.

Ved avslag grunna mangelfull dokumentasjon skal søker oppmodast til å søkje på nytt med meir utfyllande helseopplysningar/dokumentasjon t.d. epikrise.

### **Grunngjeving for vedtak**

Vedtak blir grunngeve etter forvaltningslova § 25. Godkjenningsvedtak skal grunngevast ved avgjerande diagnose. Avslagsvedtak skal grunngevast med kva som er årsaka for avslaget.

### **Vurdering av søknader**

Søknader skal behandlast administrativt. I tvilstilfelle skal man først rådføre seg med tt-teamet og dersom framleis tvil rådfør med legenemnda jfr. § 2 i forskrifta.

Kvar tysdag har vi i tt-teamet fagmøte. Fagmøtet er eit fagmøte for å diskusjon av vanskelege og uklare saker.

Vi har fagmøte med legenemnda 2 gonger i året. Legenemnda er rådgjevande organ og har fått tilsendt forskrift for 2021.

### **Vedtak**

- Sjå eigen trinnvis prosesskildring for sakshandsaming av vedtak.

### **Vedtak om fornya godkjenning.**

- Godkjenningsvedtak gis som hovudregel for 2, 10, livsvarig, men kan i særskilte høve kan søkjar få godkjenning for 1 år ref. forskrifta § 4.
- Søknadsskjema og legeerklæringa må ikkje være eldre enn 6 månadar, grunna eventuelle endringar i søkjars medisinske helsetilstand.
- Fornyng skal skje 2 gonger i året, 30.06 og 31.12. Informasjon i brev skal sendast ut til brukar i god tid på førehand.

### **Vilkår for å verte godkjend som brukar**

- Søkjaren må som hovudregel ha sjukdom/nedsett funksjonsevne som varer i minst 2 år. I særskilde høve kan det gjevast godkjenning for ein kortare periode.
- Søkjaren må vere minst 10 år. I særskilte høve kan yngre søkarar godkjennast.
- Søkjaren må vere folkeregistrert eller busett i Vestland fylke.
- Manglande rutetilbod vert ikkje vektlagt i søknaden. Som hovudregel vert heller ikkje vanskar med å bere varer, bagasje eller anna mellom heim og haldeplass, eller bratte bakkar/lang veg til haldeplass vektlagt.
- I tvilstilfelle nyttar vi legenemnda som rådgjevande organ.

### **Statistikk:**

Det føres statistikk over talet på klager og vedtak som blir endra utan behandling i klagenemnda. Skjema skal sendast til politisk sekretariat 1 gong i året. Sjå egen trinnvis prosesskildring for sakshandsaming klagesaker.

## **Diagnosar som gjev godkjenning utan ugrunna opphald**

- Blind/sterk svaksynt (visus 0,33)
- Sjukdom i terminal/palliativ fase
- Avhengig av kunstig surstofftilførsel
- Avhengig av rullestol/spesialbil
- ALS- pasienter
- Psykisk utviklingshemmede som bur i bufellesskap
- Schizofreni

## **Omgjeringsvedtak**

- Ved endra medisinsk helsetilstand.

## **Opphøyr av godkjenning**

- Dersom brukar flytter ut av fylket opphører godkjenningen.
  - Skriv vedtak – opphøyr av godkjenning.
- Ved melding av dødsfall av brukar, skal vi sperre brukar i Taxibiz.

## **Søknad om høgare kvote**

- Brukare som oppfyller særskilde krav kan søkje om høgare kvote jfr. § 5 i forskrifta.

## **Klagehandsaming**

- Se eigen prosesskildring.

## **Avvikshandtering**

- Vi noterer avvik i vårt sakshandsamarsystem taxibiz og ePhorte. Alle sakshandsamarar har tilgang til registrerte avvik.
- Ved gjentakende og/eller alvorlege feil skal saka diskuterast i det det faste fagmøtet t-temet har kvar veke.